



Møtebok for Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Møtedato: 13.02.2025
Møtestad: Teams
Møtetid: kl 10.00 - 11.30
Tidsbruk: 1,5 timar
Førebuingstid: 2 timar

Første del var eit dialogmøte med Setesdal Austhei villreinutval om «Bestandsplan for Setesdal Austhei» som skal godkjennast av nemnda på vårmøte 2025. Eit utkast blei lagt fram i møte og blei drøfta.

Møtedeltakarar	
Bertin Bjåen	
Elin Ringhus	
Knut Hagen	leiar
Lill Synnøve Laugaland	

Forfall meldt frå følgjande	
Laila Espedal	

Følgjande varamedlemmar møtte	
Iren Klungtveit Slagstad	

Andre:	
Svein Ekre	Setesdal austhei villreinlag
Torleif Homme	Setesdal austhei villreinlag

Møtesekretær:
Jarle Lunde

Godkjenning

Knut Hagen og Bertin Bjåen har godkjend møteboka til å vere i samsvar med det som bleivedtatt på møte.

Saksliste

Saksnummer	Sakstittel	
001/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
002/25	Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar	
003/25	Meldingar	
004/25	Delegasjonssaker	
005/25	Uttale til forslag til Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet	
006/25	Uttale til revidert detaljplan for miljø og landskap rehabilitering av Blåsjø - Saurdal vannvei, Suldal kommune (saksnr 202220203)	
007/25	Eventuelt	

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	25/236

Saksnr	Utval	Type	Dato
001/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	13.02.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Sand, 13.02.2025

13.02.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 001/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende slik dei ligg føre.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	25/236

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	13.02.2025

Val av medlem til å skrive under møteboka saman med leiar

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Sand, 13.02.2025

13.02.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Forslag: Bertin Bjåen
Samrøystes

VRN-AU - 002/25 Vedtak:

Bertin Bjåen blei valt til å skrive under møtebok saman med leiar

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	25/236

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	13.02.2025

Meldingar

Forslag til vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande jamfør kvart punkt.

Sand, 13.02.2025

Underliggende saker:

Saksnummer.	Tittel
1	Melding om vedtak - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - Riksveg 9 Hemla bru
2	Statsforvaltarens vedtak i klagesak - byggjesak - Fyresdal - 10/14 - Furebu - fradeling
3	Pålegg om ytterligere villreinundersøkingar i samband med søknad om tre nye pumpekraftverk i Røldal-Suldalsvassdraget
4	Fraråder og vil vurdere påklaging - uttale - dispensasjon - Fyresdal 39/3 - frådeling av hyttetomt Bjøstøyl

13.02.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**Handsaming:**

Sekretær orienterte om dei fire meldingane .

Til melding 4 blei det opplyst at Fyresdal kommune nyleg har vedtatt å gi dispensasjon til frådeling av hyttetomt (39/3 Bjøstøyl). Saka er ikkje sendt til villreinnemnda til uttale. Semje om at sekretariatet vurdere saka nærare og gir ei vurdering til arbeidsutvalet gjennom eit e-postmøte.

Samrøystes.

VRN-AU - 003/25 Vedtak:

Meldingane vert tekne til vitande jamfør kvart punkt.

Til melding 4 skal sekretariatet vurdere saka nærare og gi ei vurdering til arbeidsutvalet i eit e-postmøte.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	25/236

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	13.02.2025

Delegasjonssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til vitande.

Sand, 13.02.2025

Underliggende saker:

Saksnummer.	Tittel
014/24	Innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Nilsaklampmyre hyttefelt, Suleskard. Sirdal kommune
013/24	Uttale til søknad til om riving og bygging av fritidsbustad, 42/19 Kvilldalsdalen

13.02.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet**Handsaming:**

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

VRN-AU - 004/25 Vedtak:

Sakene vert tekne til vitande.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-139, K2-K49	22/1422

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	13.02.2025

Uttale til forslag til Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet

Forslag til vedtak

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villrein.

Nemnda vurderer det slik at regionalplanen vil ha avgrensa verknad i forhold til villreinområda. Sjølv om store delar av planområdet ligg i villreinområde, så er det slik at retningslinjene i Heiplanen og forskriftene for verneområda ligg fast og gir rammer for aktivitet og tilrettelegging. Dette bør komme tydelegare fram i regionalplanen.

Villreinen er i liten grad omtalt i planen. Lokale utfordringar for arten, at Setesdal Ryfylke villreinområde har status «ikkje godkjend» etter kvalitetsnorm for villrein, og at det er under arbeid ein nasjonal tiltaksplan for villreinområde er ikkje omtalt. Dette bør komme fram i planen.

Det er positivt at planen har eit tydeleg fokus på å ta vare på sårbar natur. Styring og kanalisering av ferdsel er eit sentralt verkemiddel.

Det er positivt at vandreruta «Lysefjorden rundt» i stor grad legg opp til at eksisterande stinett og infrastruktur skal brukast. Når det gjeld nordsida av fjorden bør eventuelle nye overnattingstilbod leggjast der det er bygningar frå før, og då utanfor omsynsona villrein (Heiplanen). Eventuelle nye tiltak sør for fjorden må vere i tråd med retningslinjer i Heiplanen og avklart med verneområdeforvaltninga og villreininteressene.

Regionalplanen legg fram ambisjonar om eit meir regenerativt reiseliv der nye aktivitetar og tiltak har ein netto positiv effekt på natur og kulturmiljø. For villreinen kan dette i praksis gjennomførast ved å fjerne tilrettelegging, eller flytte ferdsel som er problematisk til mindre konfliktylt område. Dette perspektivet må vere tydeleg i kommande besøksforvaltningsplan som regionalplanen legg opp til å utarbeide.

Sand, 13.02.2025

Dokumentliste:

Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet - Offentleg ettersyn og høyring av forslag til regionalplan - høyringsfrist 14.02.2025

Uttale til oppstart av planarbeid og høyring av planprogram, Regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet

Rogaland fylkeskommune har sendt forslag til regionalplan for Preikestolen og Lysefjordområdet ut til høyring. Dei ønsker tilbakemelding på kva som er positivt og forslag til forbetringar av planen. For villreinnemnda er det naturleg å vurdere om planforslaget ivareteke villreinen og villreininteressene på ein god måte.

Saka

Lysefjorden med Kjeragbolten og Preikestolen i spissen, er eit unikt område med nasjonale kvalitetar i form av særeigne naturområde, vakre kulturminne og eit spektakulært fjordlandskap. Kvalitetane i området har ført til ein stadig aukande turiststraum frå inn- og utland og auka bruk av området til friluftsliv. Det gir betydeleg potensial for verdiskaping og marknadsføring av regionen. I tillegg til dei positive effektane av auka tilstrøyming gir det også fare for slitasje og nedbygging av natur.

Hensikten med regionalplanen er å gi «regionen en strategisk retning for å sikre bærekraftig reiselivsutvikling av Lysefjordområdet, og som sikrer at friluftslivs-, natur-, kulturmiljø og landskapsverdiene tas vare på for fremtidige generasjoner». Planen skal blant annet erstatte gjeldande fylkesdelplanen for Preikestolområdet.

I samandraget heiter det:

«Planen tar utgangspunkt i FNs bærekraftsmål og prinsipper om bærekraftig reisemålsutvikling fra verdens turistorganisasjon (UNWTO). Det innebærer et tett samspill mellom miljømessig, sosial og økonomisk bærekraft for å sikre at veksten i besøkende til Lysefjorden skjer innenfor rammer som ivaretar natur og miljø, og lokalbefolkning. Planen introduserer også ambisjoner om et mer regenerativt reiseliv, der utviklingen av destinasjoner, aktiviteter og tiltak har en netto positiv effekt på natur og kulturmiljø. Det innebærer ikke bare å unngå å bygge ned natur, men å aktivt bidra til bevaring og restaurering av økosystemer».

«For at veksten i antall besøkende til Lysefjorden skal skje innenfor bærekraftige rammer er det utviklet en felles regional arealstrategi med et strategisk kart, planprinsipper og retningslinjer. Arealstrategien peker ut regionalt prioriterte destinasjoner og innfallsporter, og bidrar til å prioritere disse områdene for utvikling, samtidig som andre områder kan skjermes. Arealstrategien løfter også fram «Lysefjorden rundt»-vandreruten rundt fjorden som vil muliggjøre turer for gående langs hele Lysefjorden...».

Planarbeidet har identifisert fem innsatsområder med mål og strategier. Dette er tema det er sentralt å samarbeide om for å sikre en bærekraftig utvikling i Lysefjorden. Desse er vist i figuren nedanfor.



I forhold til villrein er innsatsområde Friluftsliv og delar av arealstrategien mest relevant. Begge desse framhevar vandrerruta «Lysefjorden rundt» som skal binde saman dei ulike attraksjonane og destinasjonane i område.

Under innsatsområde er målet at "*Friluftslivet i Lysefjorden er mangfoldig og basert på naturen premisser*". Strategien for å nå dette er mellom anna å 1) oppretthalde og legge til rette for det enkle tradisjonelle friluftslivet, og 2) Å styrke vandrerruten «Lysefjorden Rundt» som attraksjon.

I arealstrategiens retningslinjer under punkt 3.3.4 er aktuelle tiltak langs vandrerruta omtala i større detalj:


- I. Eksisterende sti danner grunnlaget for vandrerruten rundt Lysefjorden. Denne bør videreutvikles med god standard. Grad av tilrettelegging for den enkelte etappe må tilpasses og er avhengig av bruksprofil, natur, kulturminner, vilt og landskapshensyn.
- II. Nye traseer bør unntaksvis vurderes der det tilfører vandrerruten økte kvaliteter i form av bedre utsikt til Lysefjorden, gir bedre kobling mellom destinasjonene langs Lysefjorden og har lav konflikt med landskaps-, kulturmiljø- og naturverdier.
- III. Av hensyn til avfall og sanitære forhold bør hoveddelen av overnattingen skje i destinasjonene. Langs vandrerruten kan det unntaksvis vurderes nye, enkle overnattingstilbud der det er avgjørende for å etablere overkommelige dagsetapper.
- IV. Videre planlegging av dagsetapper og nye overnattingstilbud langs vandrerruten må ta hensyn til både beredskap og naturverdier. Differensiering av lengde og standard/tilretteleggingsgrad på dagsetappene benyttes til å styre besøkende mot mindre sårbare områder.
- V. Vandrerruten på nordsiden av fjorden bør generelt tilrettelegges med kortere etapper (maks 4-5 timer). På sørsiden av fjorden kan dagsetappene bli lenger av hensyn til villrein/sårbar natur.
- VI. Etablering av andre nye stisystemer i planområdet skal begrenses. Nye stier skal ha en tydelig funksjon, som å forbinde viktige målpunkt, og skal etableres uten å forringe natur- og kulturmiljøverdier.
- VII. Nye stier utredes ut ifra en helhetlig vurdering av besøkstrykk, omfanget av slitasje, og sårbarhetsvurdering.

Forholdet til Heiplanen og verneområde

I planutkastet er det vist til 6 ulike regionale planar og strategiar med føringar for planområdet. Heiplanen er ein av desse. Denne «skal ivareta sammenhengende leveområde for villreinen, samtidig som det blir lagt til rette for bygde- og næringsutvikling i bygdene rundt heiområdene.»

Det blir og vist til verneområda i planområde og at det er verneforskriftene her som gjeld, og

eventuelle aktiviteter innafør verneområda må avklarast med vernemyndigheitene. Dette gjeld mellom anna Frafjordheiane landskapsvernområde som omfattar eit stort areal på sør-austsida av Lysefjorden, og som inngår i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane verneområde.



Planområde sett i forhold til omsynsoner i Heiplanen og verneområde.

Tidlegare uttale

Planprosessen starta opp i 2022. Villreinemnda gav uttale til oppstart av planarbeidet og høyring av planprogram. Sentralt i uttalen var at

- Ny regionalplan må leggje Heiplanen til grunn
- Det må vere eit mål å betre tilstanden for villreinen, ikkje berre eit mål om å hindre meir forstyrring
- Ny ferdsel må kanalisrast der den ikkje kjem i konflikt med villreinen.

Vurdering

Sekretariatet vurderer det slik at regionalplanen vil ha avgrensa verknad i forhold til villreinområda. Sjølv om store delar av planområdet ligg i villreinområde, så er det slik at retningslinjene i Heiplanen og forskriftene for verneområda ligg fast og gir rammer for aktivitet og tilrettelegging. Dette bør komme tydelegare fram i regionalplanen.

Villreinen er i liten grad nemnt spesifikt i planen. Under omtalen av «Natur, kultur og landskap» står følgjande: «Store delar av planområdet ligger innenfor nasjonalt villreinområde. Det er i liten grad fast opphold av villrein i området, men de kan vandre inn i deler av området og særlig på vinterstid.» Lokale utfordringar for arten, at Setesdal Ryfylke villreinområde har status «*ikkje godkjend*» etter kvalitetsnorm for villrein, og at det er under arbeid ein nasjonal tiltaksplan for villreinområde er ikkje omtalt. Dette bør komme fram i planen.

Det er positivt at planen ser ut til å ha eit tydeleg fokus på å ta vare på sårbar natur. Styring og kanalisering av ferdsel er eit sentralt verkemiddel.

Delar av vandrerruta «Lysefjorden rundt» vil gå i nasjonalt villreinområde. Planen ser i stor

grad ut til å legge opp til at eksisterande stinett og infrastruktur skal brukast, men det er og opna for omlegging og oppretting av nye stiar og nye enkle overnattingstilbod. Når det gjeld nordsida av Lysefjorden bør eventuelle nye overnattingstilbod leggest der det er bygningar frå før, og då utanfor omsynsona villrein (Heiplanen). Sør for fjorden går løypa i nasjonalt villreinområde og i verneområde. Tiltak her må vere i tråd med retningslinjer i Heiplanen og avklart med verneområdeforvaltninga og villreininteressene.

Regionalplanen legg fram ambisjonar om eit meir regenerativt reiseliv der nye aktivitetar og tiltak har ein netto positiv effekt på natur og kulturmiljø. For villreinen kan dette i praksis gjennomførast ved at ein flytter ferdsel som er problematisk til meir eigna område. Eller sagt på ein anna måte: Dersom ein ønskjer ny tilrettelegging/hytte, må ein leggje ned ei anna som etter oppdatert kunnskap ikkje er bra. Dette perspektivet må vere tydeleg i kommande besøksforvaltningsplan som regionalplanen legg opp til å utarbeide.

13.02.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.
Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak.

VRN-AU - 005/25 Vedtak:

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villrein.

Nemnda vurderer det slik at regionalplanen vil ha avgrensa verknad i forhold til villreinområda. Sjølv om store delar av planområdet ligg i villreinområde, så er det slik at retningslinjene i Heiplanen og forskriftene for verneområda ligg fast og gir rammer for aktivitet og tilrettelegging. Dette bør komme tydelegare fram i regionalplanen.

Villreinen er i liten grad omtalt i planen. Lokale utfordringar for arten, at Setesdal Ryfylke villreinområde har status «ikkje godkjend» etter kvalitetsnorm for villrein, og at det er under arbeid ein nasjonal tiltaksplan for villreinområde er ikkje omtalt. Dette bør komme fram i planen.

Det er positivt at planen har eit tydeleg fokus på å ta vare på sårbar natur. Styring og kanalisering av ferdsel er eit sentralt verkemiddel.

Det er positivt at vandrerruta «Lysefjorden rundt» i stor grad legg opp til at eksisterande stinett og infrastruktur skal brukast. Når det gjeld nordsida av fjorden bør eventuelle nye overnattingstilbod leggest der det er bygningar frå før, og då utanfor omsynsona villrein (Heiplanen). Eventuelle nye tiltak sør for fjorden må vere i tråd med retningslinjer i Heiplanen og avklart med verneområdeforvaltninga og villreininteressene.

Regionalplanen legg fram ambisjonar om eit meir regenerativt reiseliv der nye aktivitetar og tiltak har ein netto positiv effekt på natur og kulturmiljø. For villreinen kan dette i praksis gjennomførast ved å fjerne tilrettelegging, eller flytte ferdsel som er problematisk til mindre konfliktylt område. Dette perspektivet må vere tydeleg i kommande besøksforvaltningsplan som regionalplanen legg opp til å utarbeide.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2-K40	23/1546

Saksnr	Utval	Type	Dato
006/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	13.02.2025

Uttale til revidert detaljplan for miljø og landskap rehabilitering av Blåsjø - Saurdal vannvei, Suldal kommune (saksnr 202220203)

Villreinnemnda støtter opp om dei endringane som er føreslått i oppdatert detaljplan. Innspel til tidlegare plan er svara ut på ein god måte.

Anleggsperioden vil kunne ha ein negativ konsekvens for villreinen. Det er derfor viktig at forstyrringa blir så liten som mogleg gjennom avbøtande tiltak. Det er lagt opp til god og tett dialog med villreinnemnda. Det ser me positivt på.

Som omtalt i tidlegare uttale til saka er rehabilitering av eksisterande anleggstunnel frå Øvre Moen til Oddatjørndammen ei gladmelding for villreininteressene. Framtidig bruk av tunnelen vil kunne betre trekkmoglegheitene for villrein i området. Revidert detaljplan er tydeleg på at vegstrekninga tunellen no vil erstatte, 1700 meter, skal restaurerast tilbake til ein meir naturleg tilstand. Det er positivt for villreinen.

Alt i alt er meiner villreinnemnda at prosjektet har fleire fordelar enn ulemper for villreinen.

Sand, 13.02.2025

Dokumentliste:

Høyring av revidert detaljplan for miljø og landskap rehabilitering av Blåsjø - Saurdal vassveg, Suldal kommune
Uttale til detaljplan innan miljø og landskap for utbedring av Blåsjø-Saurdal vassveg i Suldal kommune

NVE har sendt revidert detaljplan på høring med uttalefrist 7.2.2025. Villreinnemnda har bedt utsett svarfrist.

Saka

NVE skriv:

Detaljplan miljø og landskap for rehabilitering av Blåsjø-Saurdal vannvei ble etter en høringsprosess våren 2024 godkjent av NVE 3.7.2024. Som følge av tekniske endringer i prosjektet, samt innspill i høringsprosessen, er deler av prosjektet justert/endret. Dette omfatter bla:

- Fremdriftsplan
- Avbøtende tiltak (rovfugl, villrein og friluftsliv)
- Tilbakeføring av deler av eksisterende vei mellom Øvre Moen og Oddatjørndammen
- Permanent masselager i Saurdal utgård, masselager i tidligere steinbrudd i Oddatjørndammen utvides

Den oppdaterte detaljplanen sammenstiller de justeringene/endingene som er aktuelle i prosjektet. NVEs foreløpige vurdering er at endingene er nødvendige og at de i hovedsak bidrar til å redusere de negative konsekvensene prosjektet medfører for andre interesser/brukere.

Villreinen i revidert plan

På bakgrunn av tidlegare høyringsuttalar er det no laga eit notat om villreinen i området basert på eksisterande kunnskapsgrunnlag og dialog med den lokale villreinforvaltninga. Notatet dannar utgangspunkt for avbøtande tiltak. Desse er omtalt i tabell 8-3 på side 37-38 i planen. Kort summert

- Vinterbrøyting av Blåsjøvegen ein vinter (2025-26). Blir bomma, ingen tilrettelegging for meir ferdsel enn i dag. Rutinar for rapportering/tiltaksgjennomføring dersom villrein i området. Samarbeid og dialog med villreinforvaltninga.
- Fjerning av eksisterande veg mellom Øvre Moen og Oddatjørndammen.

Vurdering

Arbeidsutvalet i Villreinnemnda gav uttale til førre detaljplan i februar 2024. Gjennom seks punkt blei det mellom anna påpeika at kunnskapsgrunnlaget måtte betrast, at aktiviteten i området måtte vere så liten som mogleg om vinteren, at planen måtte vere tydelegare på rutinar og avbøtande tiltak dersom det er villrein i området, og at noverande veg langs Oddåa blir stengd og/eller tilbakeført.

Slik sekretariatet ser det er villreinnemnda sine innspel blitt lytta til og svara ut på ein god måte.

Det blir lagt opp til god og tett dialog med villreinnemnda i forhold til vilkår og tiltak og evt. grunnlag for behov for ekstraordinær stopp i anleggsaktivitet dersom det er villrein i området. Dette stiller krav til at villreinnemnda og villreinforvaltninga har oppdatert lokal kunnskap om beiteforhold (t.d. om beita er isa ned), og villreinen sin områdebruk der og da. Dette krev god dialog og samarbeid med Statkraft, Statens naturoppsyn og andre brukarar av heiaområde. Det vil vere eit stor fordel med gps-merka villrein i område. Pr dags dato er det berre 3 merka villrein i Setesdal Ryfylke, men det er planar om merking vinteren 2025 grunna overvaking i forhold til skrantesjuka.

Som omtalt i tidlegare uttale i saka er rehabilitering av eksisterande anleggstunnel frå Øvre Moen til Oddatjørndammen ei gladmelding for villreininteressene. Opning av tunnelen vil

kunne betre trekkmoglegheitene for villrein i området.

Med opning av tunell blir dagens veg på same strekning unødvendig. Revidert detaljplan er tydeleg på at eit overordna mål for vegstrekninga, 1700 meter, er å restaurere vegen tilbake til ein meir naturleg tilstand. Det er positivt for villreinen.

Konklusjon

Anleggsverksemda vil kunne ha ein negativ konsekvens for villreinen. Det er derfor viktig at denne blir så liten som mogleg gjennom avbøtande tiltak. På lengre sikt er det for villreinen likevel fleire fordelar med prosjektet enn ulemper.

13.02.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

Ingen merknad.

Samrøystes i samsvar med forslag til vedtak

VRN-AU - 006/25 Vedtak:

Villreinnemnda støtter opp om dei endringane som er føreslått i oppdatert detaljplan. Innspel til tidlegare plan er svara ut på ein god måte.

Anleggsperioden vil kunne ha ein negativ konsekvens for villreinen. Det er derfor viktig at forstyrringa blir så liten som mogleg gjennom avbøtande tiltak. Det er lagt opp til god og tett dialog med villreinnemnda. Det ser me positivt på.

Som omtalt i tidlegare uttale til saka er rehabilitering av eksisterande anleggstunnel frå Øvre Moen til Oddatjørndammen ei gladmelding for villreininteressene. Framtidig bruk av tunnelen vil kunne betre trekkmoglegheitene for villrein i området. Revidert detaljplan er tydeleg på at vegstrekninga tunellen no vil erstatte, 1700 meter, skal restaurerast tilbake til ein meir naturleg tilstand. Det er positivt for villreinen.

Alt i alt er meiner villreinnemnda at prosjektet har fleire fordelar enn ulemper for villreinen.

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K1-033	25/236

Saksnr	Utval	Type	Dato
007/25	Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet	PS	13.02.2025

Eventuelt

Sand, 13.02.2025

13.02.2025 Villreinnemnda for Setesdalsområdet, arbeidsutvalet

Handsaming:

1. Det blei foreslått at krav om møtegodtgjering blir 2 timar for førebuing + 1,5 timar for møte.
Samrøystes.

Reiserekning, utgiftsrefusjon og honorar for honorarmottakarar, sjå her:
<https://dfo.no/kundesider/reiseregning-utgiftsrefusjon-og-honorarer-for-honorarmottakere>

Bruk lønnart 5534 Honorartimer i DFØ appen.

Frå 1.januar 2025 gjeld nye satsar:

Satser utvalg	2024	2025
Leder	721,00	758,00
Medlem	545,00	573,00
Møteforberedelser alle	545,00	573,00

VRN-AU - 007/25 Vedtak:

1. Møtegodtgjering blir 2 timar for førebuing + 1,5 timar for møte.